



Foreldre til SFO-barn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2422 - 14/7794

Saksbehandlar:

Irene Hystad Hugaas

irene.hystad.hugaas@meland.kommune.no

Dato:

19.05.2014

Informasjon om endring av SFO-plass og Påmelding 6.juni 2014

Det er tid for å melde om de har ønske om endring av SFO –plass for skuleåret 2014 –15.

Frist er 26.05.14.

Det vert berre høve til å endre elektronisk.

Det er lagt ut lenke til endringsskjema på heimesida til skulen www.minskole.no/grasdal og på www.meland.kommune.no frå 22.04.14.

SFO er open kvar dag frå kl. 7.30-16.30 med unntak av dei timane elevane er på skulen.

De kan melde barna på etter kor mange timar de har bruk for.

Det er 3 betalingssatsar etter kor mange timar ein ynskjer.

Kort tid 1- 6 timar pr veke kr 750,- pr mnd.

Halv plass inntil 14 timar pr veke kr 1500,- pr mnd.

Heil plass inntil 23 timar pr veke kr 2300,- pr mnd.

Det er søskenmoderasjon med 25% for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.

I tillegg kjem matpengar:

Kr. 30.- pr mnd. for ein dag i veka

Kr. 60.- pr mnd for to dagar i veka

Og så vidare til kr.150.- for 5 dagar i veka.

1.-3. klasse sine start- og sluttider på timeplanen vert slik:

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
10.00-13.45	8.15-13.45	8.15-12.00	8.15-13.45	8.15-12.00

4.kl har 26 timar pr. veke (startar kl. 8.15 måndag)

(Dei andre klassane sine start-og sluttider ligg som informasjon på heimesida)

www.minskole.no/grasdal.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

OBS: På søknadsskjema er det berre høve til å velje heile og halve kløkketimar.

(Dette er eit skjema som skal brukast på alle skulane med ulik start og sluttid.)

På Grasdal skule sluttar elevane i 1.klasse **kl. 13.45**, 3 dagar i veka. Då kan ein for eksempel sette sluttid kl. 15.00 i skjema, og **det tel 1 time**, sluttid 15.30 tel 1,5 timar osv. Dersom ein set sluttid kl. 16.30, reknar vi 2,5 timar frå kl. 13.45 – 16.30. Du må sjølv rekne ut kor mange timar du nyttar til saman pr. veke.

Om morgonen tel ein tida til kl. 8.00. Då går alle ut og det er vakter ute. Skulestart er kl. 8.15.

Måndag morgon tel ein tida til kl. 10.00.

Leksehjelp.

Det er tilbod om 2 timar pr. veke gratis leksehjelp like etter skuletid, for 1.-4.klasse.

For 1.kl. vert det ikkje høve til å melde seg på leksehjelp før etter haustferien.

Dette for at lekse første tida stort sett er oppgåver dei må gjere ilag med ein vaksen heime, og for at dei skal få innarbeidd gode leksevanar.

Ein må velje alternativ for anten 10 eller 11 månader

Alternativ 11 månader:

Barna har tilbod om SFO plass heile året med unntak av juli månad og planleggingsdagar. Sjå skulerute for skuleåret 2014-2015 på heimesida.

Alternativ 10 månader:

Ein har **ikkje** tilbod om SFO plass:

- før skulestart i august.
- etter skuleslutt i juni.
- anten i haust- eller vinterferieveka. Foreldra kan velja kva for ei veke dei vil nytta her.

Ferie og fridagar

På skulen sine ferie og fridagar vert det eit felles SFO tilbod på ein av skulane. Er det mange nok påmelde blir gruppa delt med ein base på Vestbygd SFO, for Rossland og Vestbygd, og ein base på Sagstad SFO eller Grasdal SFO for Grasdal og Sagstad. Det vert sendt ut eigen påmelding til disse dagane.

Disse dagane betalar ein ekstra for dei timane som går ut over ordinær påmeldt tid.

Eksempel: Er det skulefri ein fredag, og de treng 6t den dagen betalar du for dei timane som er meir enn ditt barn er påmeldt om fredagen. Er det skulefri fleire dagar kan du legge saman timane dei dagane og bruke etter ynskje. (Dette gjeld sjølvsagt ikkje raude dagar i kalenderen)

I heile ferieveker betalar du for dei timane som går utover timesatsen ditt barn er påmeldt på pr. veke. Anten 6 timar, 14 timar, eller dei som har full plass betalar for timar utover 23. Timeprisen for ekstratimar er kr 50,-.

Ekstratimar

Det er høve til å kjøpe ekstratimar i SFO dersom det er ledig plass.

Kr.50,- pr time for dei som er innmelde, og kr 150,- pr time for dei som ikkje er innmelde.

Oppseiingstida og endringstida er ein månad frå den 1. i påfølgjande månad.

Når ein har fått plass i SFO, har ein plassen til ein seier opp, eller til ein går ut av 4.kl.

PÅMELDING TIL SFO FREDAG 6.JUNI 2014.

På grunn av avspasering av skuletid får alle elevane fri frå undervisning fredag 6.juni. SFO skal ha ope frå kl. 7.30 – 16.30. Dei som til vanleg har sfo-plass fredagar, kan bruke tida si som vanleg, og treng ikkje betale ekstratimar for kl. 8.15 – 12.00.

Send inn svarlapp under innan måndag 26.mai.

Er det noko som er uklart, ta kontakt med skulen:

Sekretær: tlf. 56175700

Rektor: tlf. 56175702

SFO-leiar tlf. 99297442

E-post: postmottak@meland.kommune.no

Med helsing

Tone Marie Moldrheim
Dagleg leiar Grasdal SFO

Irene Hystad Hugaas
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SVARLAPP PÅMELDING SFO FREDAG 6.JUNI 2014

Namn til barnet. _____

Tid på sfo fredag 6.juni: _____

Underskrift foreldre/føresette: _____

Mottakere:
Foreldre til SFO-barn